

Fra: marcus.johannessen@gmail.com
Sendt: 18. juni 2015 23:40
Til: Postmottak KUD
Emne: Høringsuttalelse (Ref 15/1432) – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Marcus Johannessen

marcus.johannessen@gmail.com

Koparstadvegen 136

Eg ynskjer IKKJE at regjeringa skal opne for søndagsopne butikkar!

Søndagen er VIKTIG.

Alle treng å kvile for å kunne yte.

Alle treng treng tid til å vere saman med sine næraste.

Søndagen er umåteleg VIKTIG for meg og mi familie. Det er den dagen vi er saman med kvarandre, deltek i frivillige fellesskap, er fysisk aktive ute i naturen, kviler og hentar nye krefter til nye arbeidsdagar.

Eg er stygt redd for at dersom søndagen vert ein handledag vil det føre til:

- Unødvendig ressursbruk og negativ belastning på natur og miljø.
- Svekka konkurransekraft for små og mellomstore bedrifter.
- Store sosiale kostnader ved at fleire familier ikkje toler belastninga og går i oppløysing.
- Aktiviteten i det frivillige organisasjonslivet vil verte svekka.
- Dårlegare folkehelse p.g.a. meir inaktivitet.
- Større sosial ulikskap, ved at dei med dårlegast råd er dei som vil verte nøydde til å arbeide mest på søndagane.

Lat oss halde søndagen heilag.

Eg ber om at regjeringa trekkjer forslag om å tillate søndagsopne butikkar.